



Båtmagasinet Båtenes Verden har vore i Uskedalen og laga reportasje om Uskedal Båtlag. Artikkelen vil truleg nå ut til over 40000 lesarar.

**Ansvarleg redaktør for båtmagasinet Båtenes Verden, Vetle Børresen, var i går saman med representant frå Kongelige Norske Båtforening (KNBF), Terje Stensletten, i Uskedalen for å laga reportasje om Uskedal Båtlag og bårhamna. Artikkelen kan koma til å gå over 4 - 5 sider og vil truleg nå ut til over 40000 lesarar. Alle med medlemskap og båtplass i Uskedal Båtlag er kollektivt innmelde i KNBF. Båtmagasinet Båtenes Verden er mediapartner med den prestisjetunge båtforeningen.**

Båtenes Verden kjem ut med 7 utgåver i året. Fire av desse vert sende til alle medlemene i KNBF og har difor eit opplag på 45000 blad. Redaksjonen har kontoret sitt i Fredrikstad og bladet kan syna til ei samanhengande drift i 13 år. Seilas er eit anna magasin redaksjonen er ansvarleg utgjevar for. Båtmagasinet er eit alternativt blad med same målgruppe og som dekkar den same bransjen.



Redaktøren Vetle Børresen i godt arbeid med å finna gode fotomotiv. F.v: Jan Henrik Hansen, Terje Stensletten ( KNBF ) og Hans Gustav Musstrand ( båtlagsleiar ).

Sjølv om Uskedale Båtlag har gjort alt vinterklart, fekk journalisten eit godt inntrykk av hamna. Båtlaget kan syna til god drift med mange investeringar dei siste åra, som til dømes nye uteliggjarar, strandstove og oppgradert dusj-, vaske- og toalettanlegg. Det er ryddig og reint på plassen og Båtlaget kan syna til gode tilbakemeldingar etter den siste vellukka sommaren i hamna.

Nye krav til slippen/båtvogna gjer at ein vurderer i byta den ut og finna ei anna løysing for båtoppdrag. Det trengst asfalt på den delen av plassen som er greven opp og forsterka. Strandstova er open for alle, båtfolk og fastbuande. Til sommaren vert det planlagd arrangement som t.d. Allsong i sjøkanten.

Dei tilreisande gjestene frå båtmagasinet Båtenes Verden og frå KNBF fekk eit godt inntrykk. Artikkelen vil også ha med informasjon om bygda Uskedalen, om butikkane i sentrum og ikkje minst om kva natur- og kulturtilbod ein finn på plassen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal





Terje Stensletten frå Kongelige Norske Båtforening (t.v.) og redaktør Vette Børresen frå magasinet Båtens Verden.